



**POLITIHØGSKOLEN**

**ÅRSMELDING 2008**

# POLITIHØGSKOLEN

«Høgskolen for eit  
reflektert, handlekraftig og  
tryggleiksskapande politi»

# Helsing frå rektor

## ● 2008 innebar mange endringar for Politihøgskolen

**Fleire studentar.** Året 2008 har vore prega av eit aukande behov for bemanning i politiet. Som ein del av regjeringa si kriminalpolitiske satsing, vil talet på studentar ved PHS allereie hausten 2009 auke til 552. Politihøgskolen har derfor dette året teke initiativet til og sett i verk ei utviding av Sæter gård i nært samarbeid med Kongsvinger kommune. Utvidinga på Kongsvinger har vore ei av dei fremste sakene for høgskulen gjennom heile fjoråret.

**Ny organisasjon.** Leiinga og dei tilsette ved Politihøgskolen har i 2008 arbeidd med å vedta og etablere ein ny organisasjon som no omfattar sju avdelingar. Rekruttering av ny kompetanse styrkjer administrasjonen og leiinga på fleire område. Dette gir ein meir oversiktleg struktur med klar ansvarsdeling, og ein organisasjon som skal kunne evne å ta nye utfordringar til alle tider.

**Samordna opptak.** Politihøgskolen har lenge arbeidd for deltaking i Samordna opptak (SO). Sommaren 2008 slutta styret i Samordna opptak (SO) seg til søknaden frå Politihøgskolen. PHS har lagt ned eit omfattande arbeid for å leggje til rette for overgangen.

**Nye fagplanar.** Basert på den nye rammeplanen for undervisinga på bachelor, er det lagt ned store ressursar i arbeidet med å utarbeide nye fagplanar. Desse vil vere ferdig utarbeidde våren 2009, og skal innførast for førsteårsstudentane hausten 2009.

**Etter- og vidareutdanning.** Det har vore mange søkjarar til etter- og vidareutdanningane. Av 1436 søkjarar er 857 tekne

opp, fordelt på i alt 24 ulike utdanningar. I tillegg er det utvikla nye utdanningstilbod innanfor m.a. kriseleiing og operativ verksemd, i nedkjemping av fiskerikriminalitet, funksjonsretta leiing for påtaleleiarar og for forvaltingsleiarar, for dei administrative gjeremåla i politiet og for instruktørutdanning - FN.

**Internasjonalisering.** Politihøgskolen har delteke i ulike internasjonale fora, m.a. CEPOL, fått vitjing frå europeiske samarbeidspartnarar og underteikna ein samarbeidsavtale med det nederlandske politiakademiet om utvikling av ein mastermodul. Samarbeidet mellom Politihøgskolen og University of Teesside om «international Investigative Interview Research Group (iIIRG)» er òg godt i gang.

**Vekst i forskning.** Det vart utgitt fire rapportar i serien PHS Forsking. Forskingskonferansen «Mangfold i politiet» vart godt motteken og samla i underkant av 200 deltakarar. I tida framover vil tilliten og rekrutteringa til politiet få mykje merksemd. Kunnskap vil verte formidla i skriftseriar, gjennom artiklar og på konferansar, men òg i aukande grad gjennom media.

Det er gledeleg at kompetanse vert sett på som eit viktigare og viktigare verkemiddel i arbeidet for eit tryggare samfunn. Ei slik utvikling stiller store krav til oss med omsyn til å fange opp behovet for kunnskap i etaten generelt og utvikle prioriterte fagområde spesielt. Høgskulen må til alle tider evne å levere i samsvar med politiske føringar, behova i etaten og akademiske forventingar. Vi ønskjer å fylle rolla vår knytt til kompetanse som eit viktig kriminalpolitisk verkemiddel. Alt dette skal skje innanfor dei kvalitetsrammene som gjeld for høgare utdanning og forskning.



Hans Sverre Sjøvold  
Sjef for Politihøgskolen

# Meldinga frå styret

2008

Styret har i 2008 hatt fem møte, der det er behandla i alt 42 saker. I tillegg har styret fått orientering om ei rekkje saker som administrasjonen har arbeidd med. Styremøtet 2. og 3. desember 2008 vart halde på Sæter gård på Kongsvinger. I samband med møtet fekk styret omvising på og orientering om utdanningssenteret, mellom anna om utbyggingsprosjektet. Dei andre møta fann stad ved Politihøgskolen i Oslo.

Styret har brukt mykje tid på dei sentrale styringsdokumenta for Politihøgskolen. Styret har vedteke verksemdsplan og budsjettfordeling for 2008. Administrasjonen har levert statusrapportar for rekneskap og måloppnåing kvart tertial og halvår, og årsrapport om høgskulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling. Styreleiaren har delteke i styringsdialogen mellom Politidirektoratet og Politihøgskolen.

Styret har behandla og vedteke fleire utdanningsplanar i 2008. På møtet i desember godkjente styret den nye fagplanen for første studieår (B1) etter den nye rammeplanen.

Styret har godkjent studieplanar for ni ulike vidareutdanningar som gir formell kompetanse som høgskuleutdanning med studiepoeng. Styret har uttrykt ros for solid arbeid med studieplanane. Administrasjonen har òg orientert styret om revisjon av fagplanar og studieplanar, og rektor har fått fullmakt til å godkjenne desse planane.

Administrasjonen har orientert styret om arbeidet sitt med sentrale oppgåver. I 2008 har det særleg vore fokus på innføring av ny organisasjonsstruktur frå januar 2008, og på overgangen til Samordna opptak. Styret har fått nyttige orienteringar

Styremøtet

2. og 3. desember 2008

vart halde på Sæter gård

på Kongsvinger.

2008

| desember |    |    |    |    |    |    |
|----------|----|----|----|----|----|----|
| M        | T  | O  | T  | F  | L  | S  |
| 1        | 2  | 3  | 4  | 5  | 6  | 7  |
| 8        | 9  | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 |
| 15       | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 |
| 22       | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 |
| 29       | 30 | 31 |    |    |    |    |
|          |    |    |    |    |    |    |

2008

om framdrifta og iverksetjinga av den nye organisasjonsstrukturen, og om den nye studieavdelinga. Det har òg vore orienteringar om følgjer av overgangen til Samordna opptak. Styret har blitt orientert om planar knytt til lokalisering av høgskulen, og har uttrykt uro over manglande framdrift i denne saka. Styret legg vekt på at Politihøgskolen må vere lokalisert i Oslo, og ønskjer å følgje saka nøye vidare.

Styret har fått faglege orienteringar om ulike forskingsprosjekt og samarbeidsavtaler, mellom anna samarbeidsavtalen med Politiakademiet i Nederland og samarbeidet med iIRG (international Investigative Interviewing Research Group) og University of Teesside.

Styret vil takke rektor og alle medarbeidarane ved Politihøgskolen for godt samarbeid i 2008. Høgskulen er prega av interessant fagleg utvikling og forskning, av eit positivt studentmiljø og av solid læringsarbeid. Styret kjenner seg trygg på at dette vil medverke til ei god kompetanseutvikling i politiet.

Odd Reidar Humlegård  
Styreleder

Kristin Barstad  
Nestleder

Gro Smedsrud  
Styremedlem

Ruth H. Olsen  
Styremedlem

Per Erik Ommundsen  
Styremedlem

Bjørn Barland  
Styremedlem

Terje Skjølberg  
Styremedlem

Anne Øverbye  
Styremedlem

Hild Rønning  
Styremedlem

Anne Kristine Storberget  
Styremedlem

Paul Fridtjof Henriksen  
Styremedlem

# Budsjett og rekneskap



Den ordinære tildelinga for Politihøgskolen i 2008, inklusive arbeidsgivaravgift, var kr 288 027 000. I tillegg kjem overført restbeløp frå 2007 på kr 13 500 000 og kompensasjon for lønsoppgjeret med kr 5 365 000. I samband med høgskulestyret si behandling vart det òg lagt inn eit sjølvpålagt inntektskrav på kr 3 000 000. Samla løyving var med dette kr 309 892 000.

Vidare er det gitt fullmakt til overskriding på kap. 0442 mot tilsvarande meirinntekt på inntektskapittelet 3442, post 02 og post 03 - diverse inntekter.

Budsjettert inntekt for 2008 var i statsbudsjettet sett til kr 5 481 000 for post 02 og kr 15 308 000 for post 03 (JKØ). I samband med høgskulestyret si behandling vart det i tillegg lagt inn eit sjølvpålagt inntektskrav på kr 3 000 000. Samla inntektskrav utgjer etter dette kr 23 789 000.

Bokførte sals- og leigeinntekter ved avslutninga av rekneskapen utgjorde kr 35 074 981, ein differanse på kr 11 285 981.

Refunderede sjukepengar, barselpengar og refusjon for lærlingar utgjorde til saman kr 3 784 804. Samla budsjetttramme - medrekna meirinntektene - vart med dette kr 324 962 785. Rekneskapsførte utgifter utgjorde kr 313 848 150, som gir eit rekneskapsmessig resultat for rekneskapsåret på kr 11 114 635.

Det positive rekneskapsresultatet stammar frå underforbruk av avsette fellesmidlar, betydelege meirinntekter og nokre utsette investeringar. Dei utsette investeringane utgjer til saman ca. 2,5 millionar kroner.

| POST |                                 | REKNESKAP             | BUDSJETT              |
|------|---------------------------------|-----------------------|-----------------------|
| 01 1 | Lønn og godtgjersler            | kr 127 539 199        | kr 129 709 128        |
| 01 2 | Varer og tenester               | kr 186 308 951        | kr 174 050 111        |
|      | Meirinntekter                   |                       | kr 11 285 981         |
|      | Øyremerka                       |                       | kr 580 400            |
|      | Udisponert reserve/fellespostar |                       | kr 9 337 165          |
|      | <b>Samla</b>                    | <b>kr 313 848 150</b> | <b>kr 324 962 785</b> |
| 02   | Diverse inntekter               | kr 15 201 911         | kr 8 481 000          |
| 03   | JKØ                             | kr 19 873 070         | kr 15 308 000         |
|      | <b>Samla</b>                    | <b>kr 35 074 981</b>  | <b>kr 23 789 000</b>  |

Budsjettansvaret er delegert til avdelingane med månadleg rapportering til sjefen for Politihøgskolen.

Administrasjonen leverer tertialvise rekneskapsrapportar og halvårsrapport til styret og til Politidirektoratet.

# Nytt studium i Bodø

● Mandag 3. november

Då Politihøgskolen si avdeling i Bodø vart oppretta, var det eit uttalt ønskje at avdelinga skulle tilby utdanning med ein nordnorsk profil. I 2008 starta avdelinga opp studiet «Nedkjemping av fiskerikriminalitet» (20 studiepoeng). Formålet med utdanninga er at politi, påtalemakt og samarbeidande etatar skal verte i stand til å førebyggje og nedkjempe fiskerikriminalitet i nordområda.

Denne typen kriminalitet er omfattande, og handsaming av slike saker krev spesialkompetanse. Utdanninga i Bodø skal førebu kontrolløren, etterforskaren og

den påtaleansvarlege på dei oppgåvene dei kan støyte på i slike saker. Utdanninga skal leggje til rette for eit styrka samarbeid mellom politiet, kystvakta og Fiskeridirektoratet.



Fiskebåt i store bølger på Lofothavet, Vestfjorden, Lofoten.





---

# Fleire studentar

---

## ○ Auka press på lokala

---

Som ein del av regjeringa si kriminalpolitiske satsing, vil talet på studentar ved Politihøgskolen allereie hausten 2009 auke til 552. Høgskulen har derfor i 2008 teke initiativet til og sett i verk ei utviding av anlegget på Sæter gård i nært samarbeid med Kongsvinger kommune. Det gjer det mogleg å ta opp inntil 150 førsteårsstudentar. Denne utvidinga er naudsynt for at skulen skal kunne ta opp alle dei 552 studentane. I løpet av vinteren 2008/09 vert nye klasserom, auditorium, gymsalar og andre undervisningsfasilitetar bygde på Sæter.

Samtidig med utbygginga på Kongsvinger arbeider Politihøgskolen med å finne fram til mellombelse tiltak som gjer det mogleg å handtere den venta auken i studentmassen ved dei andre anlegga i Oslo og Bodø. Det er planlagt utviding og ombygging for å kunne ta opp ytterlegare 48 studentar i Bodø. I Oslo er det planar om ytterlegare fortetting og ombygging, som vil avhjelpe behova til ein viss grad, men ikkje vil kunne fungere på lang sikt. Politihøgskolen

er tilfreds med dei ressursane og rammene som hittil er gitt for å førebu ei opptrapping av utdanningskapasiteten på kort sikt, men har av omsyn til både studentar og tilsette eit sterkt behov for ei snarleg avklaring om ei løysing i eit langsiktig perspektiv.

I samarbeid med Statsbygg er det i 2008 utarbeidd eit grunnlag for ein KS 1-analyse, og dette er sendt til Politidirektoratet for behandling. Ein eventuell ny høgskule vil ikkje kunne stå ferdig på mange år. Samtidig med auken i talet på bachelorstudentar er det eit stadig større behov for etter- og vidareutdanning i etaten. Dette legg ytterlegare press på behovet for å få ei avklaring om dei framtidige lokalitetane til høgskulen. Viss Politihøgskolen skal klare å utdanne alle studentane det er lagt opp til at den skal utdanne, er dei fysiske rammevilkåra heilt avgjerande. Leiinga og styret ved Politihøgskolen har ved fleire høve uttrykt uro over manglande framdrift i denne saka.

---

## SVÆRT HØG GJENNOMSTRØYMING I PHS

Gjennomstrøyminga i Politihøgskolen er svært god: I perioden 1992-2008 er det teke opp i alt 4852 studentar. Av desse er det berre 30 som har slutta undervegs i studiet. 82 har fullført utan å bestå alle fag, og har såleis ikkje motteke vitnemål. Dette gir ei gjennomstrøyming på 97,7 prosent for dei 13 kulla som er uteksaminerte i denne perioden. Det er grunn til å tru at denne høge gjennomstrøyminga har samanheng med godt opptaksarbeid, særst motiverte studentar og dessutan god fagleg og mellommenneskeleg oppfølging av studentane.

---





---

# Ny organisasjon

---

● Fredag 1. august 2008

---

Gjennom året har det vore sterkt fokus på arbeidet med å vedta og setje i verk ny organisasjon. Den nye organisasjonen omfattar no sju avdelingar og gir ein meir oversiktleg struktur med klar ansvarsdeling. Allereie ved utgangen av året viste det seg at den nye strukturen verkar positivt.

I prosessen har Politihøgskolen lagt stor vekt på organiseringa av etter- og vidareutdanningsaktivitetane ved høgskulen. Etter- og vidareutdanning vart skilt ut som ei eiga avdeling i prosessen. For å styrke det studieadministrative arbeidet på skulen vart det dessutan oppretta ei studieavdeling i samband med organisasjonsjusteringa.

I forlenginga av organisasjonsprosessen har høgskulen oppretta ein seksjon for nye sivile utdanningar innanfor avdelinga for etter- og vidareutdanning. Dette har vore ei fagleg naudsynt prioritering og gjer Politihøgskolen i stand til å møte kompetansebehovet i ytre etat.

Rekruttering av ny kompetanse har styrka administrasjonen og leinga på fleire område. Grunnlaget er lagt for ein organisasjon som til alle tider skal kunne evne å ta dei nye utfordringane som høgskulen vert stilt overfor i åra som kjem.

---

## FOKUS PÅ SIKKERHEIT

I 2007 skjedde det ei ulukke under eit kurs i livvaktteneste i regi av Politihøgskolen ved JKØ i Stavern. Under øvinga skulle det skytast med laus ammunisjon. Ulukka inntreffe fordi det vart skote med skarp ammunisjon i staden. To polititenebestemenn som deltok på kurset, vart skada.

Politihøgskolen sette straks i gang med å gå gjennom rutinane, retningslinjene og prosedyrane som er utarbeidde for førebuing og gjennomføring av øvingar. Dette arbeidet fekk høg prioritet i 2008. Gjennom året vart det sett i verk ei rekkje tiltak for å styrke sikkerheita i all politioperativ øvingsverksemd.

To av tiltaka kom som ein del av organisasjonsprosessen. Det vart oppretta ein eigen operativ seksjon med ansvar for all operativ opplæring og utdanning, inkludert all politioperativ øvingsverksemd. Det vart òg tilsett ein operativ leiar på kvart øvings-senter. I tillegg gjekk PHS til innkjøp av nye øvingsvåpen og øvingsammunisjon. Fem nye instruksar vart utarbeidde.

---

## NY ASSISTERANDE SJEF

1. august 2008 vart Nina Skarpenes tilsett som ny assisterande sjef ved Politihøgskolen. Skarpenes er utdanna Cand.paed. frå Universitetet i Oslo, og ho har lang og brei erfaring frå Politihøgskolen. Ho har tidlegare arbeidd som assisterande avdelingsleiar ved avdeling for etter- og vidareutdanning (EVU) og som høgskulelektor ved EVU og i grunnutdanninga.

---





# Samordna opptak

1. mars 2009

Sommaren 2008 slutta styret i Samordna opptak (SO) seg til Politihøgskolen sin søknad om deltaking. Samordna opptak er eit serviceorgan for høgskular og universitet i opptaket av søkjarar til høgare grunnutdanningar. Deltakinga i SO har ført til at søknadsfristen til PHS vart flytta til 1. mars, og at søkjarane frå og med våren 2009 må levere søknadene sine på nettsidene til SO.

Den nye søknadsfristen ligg nærare fristane til andre universitet og høgskular, og knyter derfor Politihøgskolen tettare opp til utdanningssektoren. Høgskulen vil kunne gjennomføre rekrutteringsaktivitetane sine i same tidsperiode som andre utdanningsinstitusjonar, og det er venta at søkjarane til PHS ser på endringa som kjærkomen.

Politihøgskolen har gjennom heile 2008 arbeidd fram mot ny søknadsfrist og deltaking i Samordna opptak. PHS har lagt ned eit omfattande arbeid for å leggje til rette for overgangen.

Dette arbeidet har primært vore knytt til effektivisering av opptaksprosedyrane, for å møte utfordringa med kortare søknadsbehandling, og til formalisering og presisering av PHS sine opptakskrav, slik at desse kan implementerast i nasjonal opptaksmodul (NOM).

Politihøgskolen gjer ingen endringar i opptakskrava eller krava til dei fysiske testane.

## PHS VANN MERKET FOR GOD DESIGN I 2008

Utmerkinga er ei påskjøning for vellukka bruk av design for å fremje innovative produkt og løysingar, og den er eit kvalitetsstempel. Bidraga vert evaluerte av ein objektiv jury som er sett saman av fagpersonar frå nordisk næringsliv og frå designbransjen. Politihøgskolen vann merket for det nyskapande rekrutteringsmateriellet sitt.

## 29 STUDENTAR MED MINORITETSBAGRUNN VART TEKNE OPP

I 2008 fekk PHS 134 søknader frå personar med minoritetsbakgrunn. Dette er det høgaste talet nokon gong. 29 av desse fekk tilbod om plass ved PHS. Den positive trenden frå 2007 heldt med andre ord fram. Politihøgskolen har lenge satsa medvite på å auke delen av studentar med minoritetsbakgrunn. Høgskulen har mellom anna gjennomført coaching og symjetrening for interesserte søkjarar.



# Forskinga ved PHS

## ● Fire rapportar i serien PHS Forsking i 2008

Politi­høgskolen forskar på politiet som samfunnsinstitusjon, og på organisasjon, kultur og åtferd i politiet. Det vert òg forska på strategiar, praksis og metodar i politiet, og utført fenomenstudier av politiet sine utfordringar. I tida framover vil tilliten og rekrutteringa til politiet få mykje merksemd.

### Det er utgjeve fire rapportar i serien PHS Forsking i 2008:

- 1) Holgersson, S., Knutsson, J. (2008). *Individuelle arbeidsprestasjoner i uniformert politiarbeid*. Oslo: Politi­høgskolen (PHS Forsking 2008:1).
- 2) Egge, M., Ganapathy, J., Runhovde, S., (2008). *Hvitt eller bredt? Rekruttering av minoritetsstudenter til Politi­høgskolen*. Oslo: Politi­høgskolen (PHS Forsking 2008:2).
- 3) Egge, M. (red.) (2008). *Mangfold i politiet. Forskningskonferansen 2008*. Oslo: Politi­høgskolen (PHS Forsking 2008:3).
- 4) Gundhus, H. I., Egge, M., Strype, J., Myhrer, T-G. (2008). *Modell for forebygging av kriminalitet. Evaluering av Samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak (SLT)*. Oslo: Politi­høgskolen (PHS Forsking 2008:4).

### BØKER OM ORGANISERT KRIMINALITET OG TERRORISME

Professor Paul Larsson ga hausten 2008 ut boka *Organisert kriminalitet*. Boka gir ei realistisk framstilling basert på vitenskapleg kunnskap og tek opp problemstillingar knytt til kampen mot organisert kriminalitet og kva kostnader den har for det sivile samfunnet.

*Leaving Terrorism Behind* er ei bok av professor Tore Bjørge og John Horgan, som er direktør for The International Center for the Study of Terrorism ved Pennsylvania State University. Dette er den første studien der ein systematisk forsøker å samle og bygge kunnskap både om kva som får enkeltpersonar til å trekkje seg vekk frå terrorisme, og om kva som får heile terrorgrupper til å leggje ned våpna.



---

# Publikasjoner frå medarbeidarar ved Politihøgskolen

---

Alonso, Rogelio, **Tore Bjørge** mfl. (12 medforfattarar) (2008). *Radicalisation Processes Leading to Acts of Terrorism: A concise Report prepared by the European Commission's Expert Group on Violent Radicalisation*. Brussel: Sendt til EU-kommisjonen 15. mai 2008.

**Bjørge, T.** og John Horgan (red., 2009). *Leaving Terrorism Behind: Individual and Collective Disengagement*. London: Routledge.

Dean, G., **Fahsing, I.A.**, **Glomseth, R.** og Gottschalk, P. (2008). Capturing knowledge of police investigations: Towards a research agenda. *Police Practice and Research*, 9 (4), 343–358.

**Egge, M.**, **Ganapathy, J.**, **Runhovde, S.** (2008). *Hvitt eller bredt? Rekruttering av minoritetsstudenter til Politihøgskolen*. PHS Forskning 2008:2. Oslo: Politihøgskolen.

**Egge, M.**, **Barland, B.**, Ruud, E.M., Haaland, T. (2008). *Kriminalitetsforebygging blant barn og unge i storbyene. En evaluering av praksis i fem kommuner*. Samarbeidsrapport NIBR/Politihøgskolen. Oslo: NIBR.

**Fahsing, I.A.**, **Glomseth, R.** og Gottschalk, P. (2008). Characteristics of effective SIO: a content analysis for management in police investigations. *Int. J. Management and Enterprise Development*, Vol. 5. No.6, 708–722.

**Glomseth, R.** og **Gottschalk, P.** (2008). Predictors of police officers' involvement: An empirical study of occupational culture in the Norwegian anti-terror police. *International Journal of Management and Enterprise Development*, 5 (2), 251–263.

**Gundhus, H. I.**, **Egge, M.**, **Strype, J.** og **Myhrer, T-G.** (2008). *Modell for forebygging av kriminalitet. Evaluering av Samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak (SLT)*. PHS Forskning 2008:4. Oslo: Politihøgskolen.

Granér, R., **Larsson, P. (red.):** (2008). *Policing in Scandinavia. Proceedings from the Conference on Police Research in Växjö*. Växjö University Studies in Policing, Nr. 005 – 2008.

Harfield, C., **Kleiven, M. E.** (2008). Intelligence, Knowledge and the Reconfiguration of Intelligence. I Clive Harfield, Allison MacVaen, John Grieve og Sir David Phillips (red.) *The Handbook of Intelligence*, s. 239–254. Oxford: Oxford University Press.

Holgerson, S., **Knutsson, J.** (2008). *Individuelle arbeidsprestasjoner i uniformert politiarbeid*. PHS Forskning 2008:1 Oslo: Politihøgskolen.

**Larsson, P.**, Magnusson, D. (2008). *Rapport om hvitvaskingsreguleringens kostnader*, rapport Nordisk samarbeidsråd for kriminologi.

**Larsson, P.** og **Thomassen, G. (2008)** 'I am not a Police officer anymore... I am just fooling around!! Main obstacles in implementing POP in Norway'. I Granér, R. og Larsson, P. (red.) *Policing in Scandinavia. Proceedings from the Conference on Police Research in Växjö August 2007*.

Scott, M.; Eck, J., **Knutsson, J.** og Goldstein, H. (2008). Problem-oriented policing and environmental criminology. I: R. Wortley og L. Mazerolle (red.) *Environmental Criminology and Crime Analysis*. Collumpton: Willan Publishing, s. 221–246.

**Thomassen, G.**, **Larsson, P.** og **Strype, J.** (2008). 'Politics in the Police: What are the implications of political diversity?' I Granér, R. og Larsson, P. (red.) *Policing in Scandinavia. Proceedings from the Conference on Police Research in Växjö August 2007*.

**Egge, M. (red.)** (2008). *Mangfold i politiet. Forskningskonferansen 2008*. PHS Forskning 2008:3. Oslo: Politihøgskolen.

**Ganapathy, J.** (2008) «Hvitt eller bredt? Rekruttering av minoritetsstudenter til Politihøgskolen». I Egge, M., (2008). *Mangfold i politiet. Forskningskonferansen 2008*. PHS Forskning 2008:3. Oslo: Politihøgskolen.

**Gundhus, H.** (2008). Kunnskapsarbeid og yrkeskulturer i politiet, I Granér R, Larsson, P. (red.) *Policing in Scandinavia. Proceedings from the Conference on Police Research in Växjö, August 2007*. Växjö: Växjö Universitet.

**Kleiven, M. E.**, Harfield, C. (2008). Europol and the Understanding of Intelligence. I Clive Harfield, Allison MacVaen, John Grieve og Sir David Phillips (red.) *The Handbook of Intelligence*, s. 195–206. Oxford: Oxford University Press.

**Knutsson, J.** (2008). Forebyggande effekter av polisens insatser mot narkotikan. I S. Andréasson, S. (red.) *Narkotikan i Sverige: metoder för förebyggande arbete. En kunskapsöversikt*. Statens folkhälsoinstitut: Östersund, s. 255–277.

**Kristiansen, T.G.**, (2008) Pilotprosjektet «Ut i felten». I Egge, M., Ganapathy, J., Runhovde, S., (2008) *Mangfold i politiet. Forskningskonferansen 2008*. PHS Forskning 2008:3. Oslo: Politihøgskolen

**Lagestad, P.** (2008): Politiets bruk av fysisk makt. Nordisk tidsskrift for kriminalvidenskab, desember 2008 – 95. årgang, nr. 3, s. 298–314.

**Larsson, P.** (2008). *Organisert kriminalitet*. Oslo: Pax forlag.

**Larsson, P.** (2008). «Narkotikaen er fattig manns arbeidsgiver». I Nordisk tidsskrift for kriminalvidenskab, nr. 1, 2008.

**Larsson, P.** (2008). «Å skyte spurv med kanon». I Alaetho og Larsson (red.): *Den ljuskygga økonomien. Organiserad och ekonomisk brottslighet*. Umeå Universitet.

---

«Mangfold i politiet» var tema for forskningskonferansen

2008, som gjekk av stabelen 29. og 30. mai.

---

2008

| mai |    |    |    |    |    |    |
|-----|----|----|----|----|----|----|
| M   | T  | O  | T  | F  | L  | S  |
|     |    |    | 1  | 2  | 3  | 4  |
| 5   | 6  | 7  | 8  | 9  | 10 | 11 |
| 12  | 12 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 |
| 19  | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 |
| 26  | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 |    |
|     |    |    |    |    |    |    |

---

# Satsing på etter- og videreutdanning



Politihøgskolen har dei siste to åra utvikla nye vidareutdanningar som skal styrke politiet sin kompetanse innanfor sivil krise- og konflikthandtering. Studiet i *Funksjonsrettet ledelse for innsatsledere* (15 studiepoeng) starta opp våren 2008, og to utdanningar vart fullførte. Vidare har høgskulestyret i 2008 godkjent nyestudieplanar for *Beredskapsplanlegging* (15 studiepoeng), *Operatørarbeid på operasjonssentral* (15 studiepoeng) og *Strategisk kriseledelse* (15 studiepoeng). Det er òg utvikla ein ny fagplan for stabarbeid. Opplæring er gjennomført i Sunnmøre politidistrikt i samband med øvinga TYR.

I 2008 har arbeidet med utdanningstilbod innanfor politiet sine administrative opp-

gåver òg vore prioritert. Våren 2008 godkjente høgskulestyret to studieplanar. Det eine studietilbodet, *Politiets forvaltingsmessige gjøremål* (30 studiepoeng), rettar seg mot saksbehandlarar med ulike forvaltingsoppgåver, og den andre utdanninga, *Funksjonsrettet ledelse for forvaltningsledere* (15 studiepoeng), har leiarar av forvaltningseiningar som målgruppe.

Elles har studieplanar for *Bekjempelse av fiskerikriminalitet* (20 studiepoeng) og *Funksjonsrettet ledelse for påtalejurister* (15 studiepoeng) vorte godkjende i løpet av 2008.



Politiet møter pressen. Operativ uteleder i Tinghuset, Oslo.

# Glimt frå 2008



## REDUSERT SJUKEFRÅVERE

Tiltak for å følgje opp og førebyggje sjukefråvere er vidareført, og har resultert i at sjukefråveret er ytterlegare redusert, frå 5,3 prosent i 2007 til 4,9 prosent i 2008. Målsettinga er å ha ein fråversprosent som ikkje overstig 5,5 prosent.

## MASTERSTUDENTAR

Av dei første 18 studentane som starta i 2006, har fire falle frå. Tre studentar leverte på normert tid hausten 2008. Hausten 2007 vart studiet utlyst som deltidsstudium med oppstart i januar 2008. Denne omlegginga har gitt fleire søkjarar til studiet, og i januar 2008 kom det til 21 nye studentar.

## GRØN STAT

Politihøgskolen har vidareført miljøsatsinga si i 2008. Det er utarbeidd miljøkartlegging og handlingsplan for Sæter gård på Kongsvinger, og søknad om sertifisering er sendt til Kongsvinger kommune. Tilsvarande arbeid vil verte gjennomført ved Politihøgskolen si avdeling i Bodø i 2009.

## INTERNASJONAL VEKE

Politihøgskolen sto som vertskap for International Week i regi av NORDCOP (Nordic Cooperation in Police Education) i 2008. I samband med dette arrangementet fekk Politihøgskolen vitjing av politistudentar frå Tsjekkia, Nord-Irland, Nederland og Tyskland, som kom for å få eit innblikk i norsk utdanning og drøfte utvalde tema med norske studentar.

## INTERNASJONALT EKSPERTMØTE

I mai 2008 arrangerte Politihøgskolen for første gong eit CEPOL-kurs i Noreg. Temaet var strategiar mot seksuelt misbruk av born. Målgruppa var etterforskningsleiarar frå dei største politiorganisasjonane i Europa, og formålet var å auke politisamarbeidet i kampen mot internettrelaterte seksuelle overgrep mot born på tvers av landegrensar. Cepol (European Police College) er eit nettverk av sentrale utdanningsinstitusjonar.

## KURS- OG ØVINGSSENTRA

Drifta ved kurs- og øvingssentra har vore god, og det har vore rom for omfattande utvikling og tilrettelegging av anlegget ved Justissektorens kurs- og øvingscenter (JKØ) i Stavern i tillegg til dei påbegynte utvidingane på Kongsvinger. JKØ hadde 5063 fleire gjestedøgn enn året før - i alt 42 978 - ein auke på 13,5 prosent. Sæter gård på Kongsvinger hadde i alt 22 033 gjestedøgn i 2008.





**Politihøgskolen**  
Slemdalsveien 5  
Postboks 5027, Majorstua  
0301 Oslo

Tlf.: +47 23 19 99 00  
Faks: +47 23 19 99 01  
E-post: [postoslophs@phs.no](mailto:postoslophs@phs.no)

**[www.phs.no](http://www.phs.no)**

Redaktør: Torill Gulbrandsen • Foto: [nyebilder.no](http://nyebilder.no), Scanpix, Samfoto  
Design og grafisk produksjon: [www.konsis.no](http://www.konsis.no)